

# Informasjon til lærlingar om Lærlingundersøkinga

## Kva er formålet med Lærlingundersøkinga?

Lærlingundersøkinga gir lærlingar og lære kandidatane høve til å seie si meining om arbeids- og læringsmiljøet i lærebedrifta. Resultata frå undersøkinga blir lagra og brukte av lærebedrifter, opplæringskontor, fylkeskommunar og dei statlege utdanningsmyndigheitene som ei hjelp til å analysere og utvikle arbeids- og læringsmiljøet.

Resultat frå undersøkinga kan også bli brukt til forskning, statistikk og lagring i arkiv.

Utdanningsdirektoratet publiserer statistikk frå Lærlingundersøkinga på [www.udir.no](http://www.udir.no).

## Korleis blir undersøkinga gjennomført?

Det er frivillig å svare på Lærlingundersøkinga. Du kan også hoppe over spørsmål du ikkje ønskjer å svare på.

## Behandlingsansvar og personvern

Når du svarer på spørsmål i Lærlingundersøkinga, blir det lagra personopplysningar om deg. Utdanningsdirektoratet er ansvarleg for at alle personopplysningane blir behandla i tråd med personvernregelverket. Vår databehandlar Conexus driftar det tekniske i undersøkinga for Utdanningsdirektoratet, og dei må følgje same regelverk.

For å kunne sende ut påloggingskode/-lenke til Lærlingundersøkinga innhentar vi kontaktinformasjon om deg (namn, e-postadresse og telefonnummer) frå VIGO (Fylkeskommunane sin database for vidaregåande opplæring). Du skriv ikkje namn og det er heller ikkje knytt personnummer til svare dine i Lærlingundersøkinga. Når du har svart på undersøkinga, blir koplinga mellom påloggingskoden/-lenka din og det du har svart broten. Det er derfor vanskeleg å finne ut av kven som har svart kva i undersøkinga. I nokre få tilfelle (eksempelvis i lærebedrifter med få lærlingar), kan det likevel vere ein risiko for at nokon kan kjenne att kven som har svart kva. Derfor har Utdanningsdirektoratet svært strenge reglar for å vise resultat frå undersøkinga til lærebedrifter, opplæringskontor, fylkeskommunar og dei statlege utdanningsmyndigheitene. Resultat frå undersøkinga skal ikkje publiserast på ein måte som gjer det mogleg å kjenne att svare dine. Svare blir oppbevarte så lenge det er nødvendig.

I dei tilfella Utdanningsdirektoratet leverer ut svare til forskning, må forskarane følgje direktoratet sine reglar for behandling av data og teieplikt, og dei må skriv under på ei teieplikterklæring.

## Rettsleg grunnlag for behandling av personopplysningar

Det rettslege grunnlaget for behandling av personopplysningar i Lærlingundersøkinga er personvernforordninga art. 6 nr. 1 bokstav e og art. 9 nr. 2 bokstav g, og det supplerande nasjonale rettslege grunnlaget er forskrift til opplæringslova § 2-4. Du kan ikkje krevje innsyn i, retting i eller sletting av svare, fordi svare dine ikkje kan knytast direkte til deg.

Rettsleg grunnlag for forskning, statistikk og lagring i arkiv er personvernforordninga art. 6 nr. 1 bokstav e og art. 9 nr. 2 bokstav j. Personopplysningslova §§ 8 og 9 er det supplerande nasjonale rettsgrunnlaget.

**Har du spørsmål?**

For meir informasjon kan du ta kontakt med fylkeskommunen eller Utdanningsdirektoratet.  
Kontaktinformasjon til Utdanningsdirektoratet:

Telefon: +47 23 30 12 00

E-post: [post@udir.no](mailto:post@udir.no)

Du finn også mykje informasjon på [www.udir.no/undersokelser](http://www.udir.no/undersokelser). Spørsmål om personvern kan rettast til Utdanningsdirektoratet sitt personvernombod på: [personvernombud@udir.no](mailto:personvernombud@udir.no)

Datatilsynet er klageinstans for behandlinga av personopplysningar i Lærlingundersøkinga. Du finn meir informasjon på: <https://www.datatilsynet.no/om-datatilsynet/kontakt-oss/klage-til-datatilsynet/>